



# ULVESTAD BARNESKULE

## SELSKAPET SINE VEDTEKTER

§ 1.

Selskapet sitt føretaksnamn skal vere Ulvestad barneskule AS. Selskapet skal ha forretningskontor på 6133 Lauvstad, Volda kommune.

§ 2.

Selskapet har ikkje økonomisk vinning som føremål.

§ 3.

Selskapet sitt føremål er å drive kristen privatskule i Ulvestadbygda for 1.-7. årskull på barneskuletrinnet samt skulefritidsordning, og det som naturleg høyrer med til dette. Opplæringsmålet skal vere nynorsk.

§ 4.

Aksjekapitalen skal vere på kr. 150 000,- fordelt på 300 aksjar.

§ 5.

Aksjane sin pålydande verdi skal vere kr. 500,-

§ 6.

Som øvste ansvarlege organ skal skulen ha eit styre.

Styret skal ha fem medlemmer, samt inntil fem varamedlemmer.

Minst tre av styremedlemmene skal vere foreldre som har, eller i løpet av fem år vil få, born i privatskulen.

Skulen sitt foreldreutval er valkomité. Styremedlemmene vert valde for to år om gongen.

Styret sine oppgåver går fram av § 5-2 i privatskolelova.

Nå det gjeld møte- og uttalerett til styremøta vert det vist til privatskolelova § 5-1 pkt. a-f.

Rektor ved skulen er dagleg leiar for selskapet. Fram til det blir tilsett rektor skal styret sin leiar vere dagleg leiar.

Styreleiar og ein styremedlem har i fellesskap selskapet sin signatur.

§ 7.

Skulen skal ha eit elevråd i tråd med § 5-3 i privatskolelova.

§ 8.

Ved skulen skal det veljast eit foreldreråd, jfr. § 5-4 i privatskolelova.  
Foreldrerådet skal kvar haust velje eit arbeidsutval for skulen.

§ 9.

Kunngjering til aksjonærane skjer ikkje i avis eller liknande. Det ordinære årsmøtet (generalforsamlinga) skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad. Innkalling med skildring av dagsorden skjer med to vekers skriftleg varsel til aksjonærane. Ekstraordinært årsmøte vert halde etter aksjelova sine reglar.

§ 10.

Årsmeldinga og årsrekneskapen i revidert stand skal vere stila til kvar ein skild aksjonær samtidig med innkalling til ordinært årsmøte.

§ 11.

På det ordinære årsmøtet skal fylgjande spørsmål handsamast og avgjerast:

1. Godkjenning av årsmeldinga og årsrekneskapen.
2. Val av styre og styreleiar, ifylge lov og selskapet sine vedtekter.
3. Vedtektsendringar.
4. Andre saker som ligg til årsmøtet å handsame.

§ 12.

Forslag som ein aksjonær ynskjer å handsame ved det ordinære årsmøtet skal vere skriftleg og innsendt til styret innan 1. mai.

Alle dokument som ein ynskjer å legge fram for årsmøtet skal i varseltida vere utlagd på selskapet sitt kontor.

§ 13.

Ved oppløysing av selskapet skal fyrst innbetalt aksjekapital tilbakebetalast. Eit eventuelt overskot utover dette skal fordelast på frivillige lag eller organisasjonar i Ulvestadbygda.

Aksjonærane skal betale kr. 500,- for kvar aksje.

Aksjane skal betalast innan den 10.03.2012.

Stiftarane skal ikkje ha provisjon eller andre fordelar av stiftinga.